

Kven skal tene på norsk natur?

Min oppfordring er

1. **Avslå søknaden om regulering av Selsvatnet og auke av slukeevna i Selselva kraftverk.**
2. **Ta eit tydeleg standpunkt når det gjeld auka kraftproduksjon i Norge; Det kan skje på andre måtar enn å bygge ned urørt og sårbar høgfjellsnatur.**

Vi står framfor eit val: Skal vi ofre urørt høgfjellsnatur med UNESCO-status for at eit fond i Luxembourg skal hente profitt, **eller skal vi sikre langsiktig verdiskaping for lokalsamfunnet og ta vare på sårbar natur – verdier som vil vare i generasjonar?**

Høgfjellsnatur er blant dei mest sårbare økosystema i Noreg. Vi veit at når vi byggjer demningar og regulerer vatn, øydelegg vi natur som treng hundreår på å reparere seg – om det i det heile tatt er mogleg. Miljødirektoratet sin nye rapport viser at inngrep i fjellet gir irreversible skadar på biologisk mangfald og landskap ([Naturindeks for Norge 2025. Tilstand og utvikling for biologisk mangfold - Nasjonalt vitenarkiv](#)).

Selsvatnet ligg i [Fjordkysten regional- og geopark](#). Parken er ikkje berre eit landskap – det er ei merkevarer som trekkjer besøkande frå heile verda, gir arbeidsplassar og byggjer lokal identitet. I 2025 fekk parken UNESCO-status, etter årelangt interkommunalt samarbeid, som munna ut i ein solid søknad som beskriv den unike geologien og natur- og kulturarven i regionen ([FjordKysten-Regional-og-Geopark-UNESCO-Main-Document.pdf](#)). Området rundt Selsvatnet omfattar også geologiske lokaliteter av stor internasjonal verdi. Å få anerkjenning som verdsarv-område betyr at det er **«uvurderlige og uerstattelige goder, ikkje bare for den enkelte nasjonen, men for hele menneskeheten»**. Søkjar har ikkje nemt Fjordkysten regional- og geopark i søknaden.

Mange stiller spørsmål kring korleis gevinsten her er relatert til kostnader og konsekvensar. **Kven ivaretar heile bildet**, omsynet til natur, miljø og langsiktig bærekraft? Vi har mange eksempel på at når kvar kommune har moglegheit til å gi dispensasjonar, blir det vanskelig for staten å sikre ei heilheitlig bærekraftig forvaltning av naturen. **Difor fortset bit-for-bit nedbygging av natur av Norge**. Om ein tar eitt steg, kva blir det neste? Høgare mur, større dam, effektkjøring med hyppige endringar i vassføring – ingenting hindrar nye søknader å komme. Statsforvaltaren påpeikar nettopp at **det i utgangspunktet var sett ei grense, som søkjar no vil bryte**; *«Selselva kraftverk blei i si tid bygt som eit reint elvekraftverk, og tilpassa mellom anna viktige landskaps- og friluftsinnteresser. Eventuell regulering av Selsvatnet som kraftmagasin vil flytte inngrepa opp i eit landskapsrom det blei lagt vekt på å halde inngrepsfritt. Dersom det blir gitt konsesjon til reguleringa, vil dette bryte med ein viktig premiss, som må liggje til grunn for eventuelle framtidige planjusteringar* (Motsegn Statsforvaltaren i Vestland, 2024).

Når det gjeld sjølve naturtapet og kvantifiseringa av dette, er blant anna kostnader for tilbakeføring og livslaupsanalyser moglege metodar. Kan det faktisk vere slik at **om ein reknar med tilbakeføringskostnadene vil lønnsomheita i prosjektet bli negativ?**

Det ser slik ut for småkraftverk ([Byggeprosjekter i sårbar natur](#)). Men kven stiller krav til å nytte denne type kunnskap eller gjere slike vurderingar?

Ei siste uro er knytt til eigarskapet til søkjar; Hovuddel av aksjane tilhøyrer investeringsfond i Luxembourg, med ukjente eigarar skjult bak komplekse selskapsstrukturar. Heilt utan krav om å dokumentere eigerskap bakover i fleire ledd ved konsesjon eller eigarskifte. Som del av ei større bølge av utanlandske selskap som no kjøper opp småkraftvert - norsk infrastruktur – bør ein kanskje vere ekstra kritisk til slike aktørar? Det handlar ikkje berre eit kraftverk, det er også drikkevasskjelda i Bygstad. Det at det ikkje blir stilt krav om å få vite kven dei reelle rettighetshavarane er, er uforståelig. Det er ikkje ukjent at fond som investerer i fornybar energi kan innebere både grønnvasking og «nærsynte» investeringar som ikkje tar hensyn til heile bildet.

Til slutt: Som grunneigar med eigedomsrett (bruksrett) i Selsvatnet er eg **svært bekymra kring prosessen og mangel på informasjon frå søkjar i denne saka**. Eg har ikkje mottatt ei einaste møteinnkalling eller annan informasjon frå søkjar om det er søkt på nytt.

Venleg helsing

Mari Helene Kårstad